Nærøyfjorden verneområdestyre

Postadresse
Nærøyfjorden verneområdestyre
Njøsavegen 2
6863 Leikanger

Besøksadresse
Fjordsenteret
5745 Aurland

Kontakt
Sentralbord: +47 57 64 30 00
Direkte: +47 5764 3129

fmvlpost@fylkesmannen.no
www.nasjonalparkstyre.no/naroyfjorden

Bjørn Einar Fossheim
Svarstad 12
6727 BREMANGER

Sakshandsamar Anbjørg Nornes **Vår ref.** 2021/1186-0 432.2 **Dykkar ref.** **Dato** 10.02.2021

Dispensasjon - Nærøyfjorden landskapsvernområde - landbruksveg Drægo - Hjølmo bru - motorferdsel

Sender vedlagt saksprotokoll med saksframlegg frå Nærøyfjorden verneområdestyre.

Informasjon om klagerett
Vedtaket kan klagast inn for Miljødirektoratet av partar i saka eller andre som har rettsleg klageinteresse med ein frist på 3 veker jf. forvaltningslova §§ 28-29. Klagen skal rettast til Miljødirektoratet, men sendast via verneområdestyret v/sekretariatet, som kan gje nærare opplysningar om klagerett og rett til å sjå saksdokument.

Med helsing

Trygve Skjerdal
Nærøyfjorden verneområdestyre

Anbjørg Nornes
verneområdeforvaltar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Aurland kommune	Vangen 1	5745	AURLAND
Statsforvaltaren i Vestland	Njøsavegen 2	6863	LEIKANGER
SNO Aurland			

Vedlegg: Køyrebok

Nærøyfjorden
verneområdestyre

Arkivsaksnr: 2021/1186-0
Sakshandsamar: Anbjørg Nornes
Dato: 26.01.2021

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nærøyfjorden verneområdestyre	10/21	08.02.2021

Saksframlegg - Nærøyfjorden landskapsvernområde - landbruksveg Drægo - Hjølmo bru - motorferdsel

Innstilling frå forvaltar

Nærøyfjorden verneområdestyre gjev grunneigar Bjørn Fossheim, gnr. 67, bnr. 3, løyve til motorisert transport på landbruksvegen frå Tråni til Hjølmo bru i Dyrdal for åra 2021 – 2022 – 2023.

Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta for Nærøyfjorden landskapsvernområde og naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd og fyrste alternativ. Løyvet gjeld med fylgjande vilkår:

- Transporten kan nyttast til naudsynt transport av utstyr, materiale, brensel og proviant til stølseigedomane på Hjølmo og Vassete.
- Løyvet gjeld og transport i samband med jaktutøving, grunneigarane sin bruk av stølsområda i samband med skjøtsel og tilsyn, næringsverksemd og fritidsbruk.
- Løyvet gjeld for grunneigar og den som køyrer på vegne av grunneigar.
- Løyvet gjeld inntil 30 turar tur/retur i året. Det kan nyttast bil, traktor eller ATV til transporten.
- Under transport skal det takast omsyn til naturmiljø og friluftsliv.
- Det skal førast køyrebok som skal visast fram ved eventuelt oppsyn i området. Køyrebok skal førast før køyreturen startar.
- Løyvet gjeld ikkje køyring på vinterføre. Dette må søkjast særskilt om både etter verneforskrifta og lov om motorferdsel i utmark.

Saksprotokoll i Nærøyfjorden verneområdestyre - 08.02.2021

Handsaming i møte

Vedtak i samsvar med innstilling frå forvaltar.

Vedtak

Nærøyfjorden verneområdestyre gjev grunneigar Bjørn Fossheim, gnr. 67, bnr. 3, løyve til motorisert transport på landbruksvegen frå Tråni til Hjølmo bru i Dyrdal for åra 2021 – 2022 – 2023.

Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta for Nærøyfjorden landskapsvernområde og naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd og fyrste alternativ. Løyvet gjeld med fylgjande vilkår:

- Transporten kan nyttast til naudsynt transport av utstyr, materiale, brensel og proviant til stølseigedomane på Hjølmo og Vassete.
- Løyvet gjeld og transport i samband med jaktutøving, grunneigarane sin bruk av stølsområda i samband med skjøtsel og tilsyn, næringsverksemd og fritidsbruk.
- Løyvet gjeld for grunneigar og den som køyrer på vegne av grunneigar.
- Løyvet gjeld inntil 30 turar tur/retur i året. Det kan nyttast bil, traktor eller ATV til transporten.
- Under transport skal det takast omsyn til naturmiljø og friluftsliv.
- Det skal førast køyrebok som skal visast fram ved eventuelt oppsyn i området. Køyrebok skal førast før køyreturen startar.
- Løyvet gjeld ikkje køyring på vinterføre. Dette må søkjast særskilt om både etter verneforskrifta og lov om motorferdsel i utmark.

Saksopplysningar


Dokument som bakgrunn for saka:

- Søknad om motorferdsel i verneområde – Bjørn Fossheim, datert 18.01.2021

Søknaden vert vurdert etter:

- Forskrift om vern av Nærøyfjorden landskapsvernområde av 08.11.2002
- Naturmangfaldlova av 19.06.2009
- Forvaltningsplan for Vestnorsk fjordlandskap, delområde Nærøyfjorden, rapport nr. 1-2008

Grunneigarane i Dyrdal har fått brev frå Nærøyfjorden verneområdestyre om at all motorferdsel på landbruksvegen i Dyrdal i Nærøyfjorden landskapsvernområde er søknadspliktig. Dette gjeld ikkje naudsynt motorferdsel i samband med landbruksdrift. Brevet vart sendt til grunneigarane 27. oktober 2020. Det vart informert om at søknadane kunne vera fleirårige. Søknadsfristen vart sett til 20. januar 2021.



Kartkopi frå Fylkesatlas som viser landbruksveg i Dyrdal innanfor landskapsvernområdet.

Den private vegen frå Drægo til Hjølmo bru er om lag 2 km, og fortset frå enden av den kommunale vegen frå Dyrdal til Drægo. Vegen er eig av 9 gardsbruk, sju i Dyrdal og to på Styvi. Vegen vart utbetra til køyreveg i 1990 av rettshavarane på vegen. Før utbetring var vegen ein gang- og kløvjeveg til stølane Hjølmo og Vassete. Stølsdrifta på desse stølane tok slutt på 1950-talet. Føremålet med utbetring av vegen var å gje lettare tilkomst til stølane for naudsynt vedlikehald på stølshusa. Det var i tillegg eit mål å kunne køyra turistar til Hjølmo for utleige av stølen, og for lettare tilgang til stølsområde for grunneigarane og besøkjande.

Grunneigarane opplyser at vegen i dag vert nytta til transport og tilsyn av sauer på utmarksbeite, transport for tilsyn og vedlikehald av stølshusa på Hjølmo og Vassete, skjøtsel av stølsområde og stiar, jakt, fiske og fritidsbruk for grunneigarane med familiar. Siste åra har vegen blitt nytta til transport i samband med næringsaktivitet med utleige av stølshus og jakt. I 2020 vart det i tillegg gitt dispensasjon til bruk av el-sykkel på vegen. Denne aktiviteten var i samband med guida turar til Breiskrednosi som eit reiselivsprodukt.

I verneplanprosessen vart ikkje bruken av denne landbruksvegen diskutert særskilt, og i verneforskrifta er det berre transport i samband med landbruksdrift som ikkje er søknadspliktig.

Grunneigar har sendt søknad om transport på landbruksvegen til fylgjande føremål:

- Motorisert ferdsel på barmark på landbruksvegen frå Tråni til Hjølmo.

- Tidsrom: 08.02.2021 – 31.12.2023
- Køyretøy: Bil, traktor og ATV
- Transportbehov: Transport av utstyr og materiale og proviant til stølane, vedlikehald av stølshus, kulturlandskapsskjøtsel, jakt.
- Samla tal turar for alle køyretøy pr. år: 20 turar.

Lovgrunnlaget

Formålet i Nærøyfjorden landskapsvernområde er definert i verneforskrifta § 2: «*Føremålet med Nærøyfjorden landskapsvernområde er å ta vare på eit vakkert og eigenarta natur- og kulturlandskap frå fjord til fjell i eit storfelt isbreutforma landskap med eit mangfald av plante- og dyreliv og der eit kulturlandskap med slåtteteigar, beitelandskap, stølsområde, gardsbruk og kulturminne, skapt gjennom aktiv landbruks-drift, utgjer ein vesentleg del av landskapets karakter*».

Det er eit generelt forbod mot motorisert ferdsel, lågtflyging under 300 meter og landing i Nærøyfjorden landskapsvernområde jf. verneforskrifta § 3 pkt. 2.1. Forbodet er ikkje til hinder for naudsynt motorferdsel i samband med landbruksdrift på landbruksvegar. Forvaltningsstyresmakta, eller den forvaltningsstyresmakta gjev fullmakt, kan gje løyve til luft- og snøskutertransport av materiale til hytter, bruer m.v. og av brensel, utstyr og proviant til hytter og stølar jf. verneforskrifta § 3 pkt. 2.3. Det står ikkje noko i verneforskrifta om biltransport på landbruksvegar, utanom naudsynt motorferdsel i samband med landbruksdrift. Forvaltninga kan i særskilte høve vurdera om det er heimel til tiltak etter naturmangfaldlova § 48; *«Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak frå et vernevedtak dersom det ikkje strider mot vernevedtakets formål og ikkje kan påvirke verneverdiene nevneverdig…»*. Begge vilkåra må vera oppfylt, både at det ikkje skal vere i strid med verneføremålet, og ikkje føre til nemneverdig skade på naturverdiane, for at det kan gjerast unntak etter naturmangfaldlova § 48.

Etter naturmangfaldlova (nml) § 7 skal prinsippa i §§ 8 – 12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurderte og vektlagt i saka.

Vurdering

Frå Drægo til Hjølmo bru er det privat landbruksveg. Store delar av vegen, frå Tråna til Hjølmo bru, er i Nærøyfjorden landskapsvernområde. I landskapsvernområdet er all motorisert ferdsel i utgangspunktet forbode, med unntak av naudsynt motorferdsel i samband med landbruksdrift. Det er eit mål i forvaltningsplanen om å halde motorferdsel i verneområdet på eit så lågt nivå som mogleg. Verneområdeforvaltninga er kjent med at det har vore motorisert ferdsel på landbruksvegen tidlegare og, utan at forvaltninga har reagert på dette. Det har vore lagt til grunn at transporten har vore i samband med skjøtsel og drift av stølseigedomane, og dette har blitt forvaltningspraksis på denne vegen. Søknadane som har kome inn viser til at vegen i tillegg har vore brukt av grunneigarane i Dyrdal til transport i samband med rekreasjon og jakt, og i næringssamanheng til utleige av jakt og overnatting på stølane.

Verneområdestyret skal vurdera om ferdsel på landbruksvegen kan vera i strid med verneverdiane og verneføremålet. Då vegen er ein privat landbruksveg, kan grunneigarane laga ytterlegare innstrammingar for å tilpassa køyring til standarden på vegen, og ynskt trafikk.

I dokumenta frå 1990 når vegen vart utbetra, og i søknadane frå grunneigarane, er det lagt til grunn eit ynskje om å bruka vegen både til landbruksdrift, skjøtsel og vedlikehald av stølane, og til fritidsbruk. I forvaltningsplanen for Nærøyfjordområdet er det ikkje skrive noko spesielt om bruken av denne landbruksvegen, men det vert trekt fram at det skal vera eit godt samarbeid med grunneigarane. For å kunne ta vare på kulturlandskapet med stølshus og stølslandskapet, er forvaltninga avhengig av eit godt samarbeid med grunneigarane, og at dei ynskjer å legge ned ein stor eigeninnsats i dette arbeidet. Dette er eit viktig grunnlag for å fylgja opp verneføremålet med å ta vare på landbruket sitt kulturlandskap. Forvaltar vurderer på denne bakgrunn at det er heimel for å vurdera å gje løyve etter naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd og fyrste alternativ i denne saka.

Det har vore stilt spørsmål om motorferdselen som er praktisert på landbruksvegen kan reknast som landbruksdrift, sjølv om den ikkje er knytt til faktisk landbruksdrift på eigedomane. Nokon av grunneigarar har i søknaden tatt med ynskje om fri ferdsel på landbruksvegen. Slik forskrifta er utforma, kan det ikkje gjevast løyve til fri ferdsel. Styret ynskjer å diskutera motorferdsel på landbruksveg i revidert forvaltningsplan, og kan eventuelt vurdera å senda innspel til Miljødirektoratet om forskriftsendring. Det vil ta tid å få svar på om det er aktuelt å endre verneforskrifta. Inntil dette er avklart, må styret handsama søknadar frå kvart enkelt grunneigar om motorferdselen det vert søkt om.

Det er laga skjøtselsplan for Dyrdal og Hjølmo, og området er godt kartlagt i samband med forvaltningsplanarbeidet. I tillegg er forvaltninga godt kjent med området gjennom kontakt med grunneigarar og mange synfaringar i området. Det er ikkje registrert sårbare naturtypar eller sårbare artar langs vegstrekninga som vert direkte påverka av motorferdsel på vegen (Naturbase 25.01.2021). Kunnskapsgrunnlaget jf. nml. § 8 er vurdert som godt i denne saka, og føre-var-prinsippet jf. nml. § 9 er difor ikkje tillagt vekt i saka.

Det må vurderast kva verknad tiltaket vil få på den samla belastninga på økosystemet jf. nml. § 10. Køyringa vil føregå på ein etablert landbruksveg, og vil ikkje føre til direkte skade på naturmangfaldet. Det vil kunne vere ulempe for dyreliv knytt til støy og forstyrring, men så lenge køyringa blir avgrensa til å gjelde grunneigarane, og til bestemte føremål, er ikkje dette vurdert til å vere eit stort problem. Det vil truleg ikkje vera mange køyretøy i Dyrdal utanom grunneigarane sine køyretøy, då det ikkje er vegtilkomst til Dyrdal, og køyretøy må koma med ferje til kaien i Dyrdal. Landbruksvegen har i lang tid vore nytta av grunneigarane som har stølseigedom i området. Denne aktiviteten er av stor verdi for at kulturlandskapet, som er ein vesentleg del av verneføremålet, skal bli tatt vare på.

Ein del av den motoriserte ferdselen er knytt til næringsverksemd i form av utleige av stølshus til overnatting, og utleige av jakt. I tillegg er det ynskje om å nytta el-sykkel på landbruksvegen. I forvaltningsplan er berekraftig småskala reiseliv omtalt som positiv næringsutvikling i verneområdet og verdsarvområdet. Aktiviteten må leggjast til rette i tråd med verneforskrift og andre forskrifter. Auka motorisert ferdsel knytt til turistnæring kan føra til auka belasting med støy og uro i landskapsvernområdet. Dersom den samla belastinga av

motorferdsel vert for stor i området, kan ferdselen vera i strid med verneføremålet. Transport i samband med reiselivet bør difor avgrensast til naudsynt transport av proviant og utstyr.

Eit anna moment som vert trekt fram av fleire av grunneigarane, er at grunneigarane som har lagt ned ein stor innsats for å ta vare på kulturlandskap og stølshus i området, no er eldre og fleire er i dårlegare fysisk form. Det er eit stor ynskje at dei kan få køyre med bil på vegen for lettare å koma seg til Hjølmo, og framleis få glede av friluftslivet på stølane. Det er rimeleg at den etablerte vegen kan nyttast av eldre og rørslehemma som har sterk tilknyting til stølsområdet, og som må nytta motorisert køyretøy for å koma seg til stølen. Dette er også i tråd med nasjonale føringar om å legge til rette for fysisk aktivitet som tiltak for betre folkehelse. Dette bør vektleggjast i verneområde og, dersom dette ikkje går utover verneverdiane og verneføremålet.

I tilsvarande landskapsvernområde med nyare verneforskrifter, har det vore ei utvikling med meir tilpassing av motorferdsel til dagens bruk av motoriserte køyretøy. I Høydalen landskapsvernområde i Breheimen er motorferdsel på eksisterande bilveg i området lovleg, og ikkje søknadspliktig. Det er naturleg å sjå på vernereglar i tilsvarande område for å vurdera kva som kan vera akseptabelt å gje dispensasjon til. Det er berre i Dyrdal det var ein etablert privat bilveg i Nærøyfjorden landskapsvernområde før området vart verna. Denne saka vil difor ikkje gje presedens for tilsvarande saker andre stader i verneområdet. Ved å avgrensa den motoriserte ferdsla til grunneigarane sin tradisjonelle bruk av landbruksvegen, samt avgrensa aktivitet knytt til turisme, vurderer forvaltar den samla belastninga på økosystemet jf. nml. §10 til å vera akseptabel.

Køyring på landbruksvegen i barmarkssesongen fram til Hjølmo bru blir vurdert som den beste måten for å frakte naudsynt utstyr og materiale til stølshusa på. Transporten føregår på ein etablert veg på ca. 2 km. Køyringa og ferdselen vert på denne måten kanalisert til ein trase, og vert vurdert som miljøforsvarleg ferdsel jf. nml § 12. Den praksisen som har vore med at grunneigarane har nytta vegen til privat bruk, har ikkje ført til nemneverdig skade på verneverdiane. Det er ikkje vegtilkomst til Dyrdal, og tal køyretøy vil difor vera avgrensa til grunneigarane som har eigne køyretøy. Det er kome inn søknad frå 7 av 9 grunneigarane i Dyrdal og Styvi. Desse er alle rettshavarar til landbruksvegen. Forvaltar har vurdert søknadane samla, og innstiller på likt tal turar på vegen til alle grunneigarane som har søkt. Det vil variera kor mange turarar kvar enkelt har bruk for, og det er difor innstilt på inntil 30 turar pr. grunneigar.

Transporten er vurdert til ikkje å føre til miljøforringing, og nml. § 11 er difor ikkje vurdert i denne saka.

Konklusjon
Køyringa på landbruksvegen vil ikkje føre til nemneverdig skade på naturverdiane, og vil ikkje vera i strid med verneføremålet. Forvaltar vurderer at vilkåra for å gje løyve til transport etter § 48 i naturmangfaldslova er oppfylt. På bakgrunn av vurderingane etter verneforskrifta og naturmangfaldlova §§ 8 – 12, meiner forvaltar løyve til motorisert ferdsel på landbruksvegen kan gjevast med heimel i verneforskrifta og naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd og fyrste alternativ.